

## Vedlegg 5 Velferdsteknologi i Fjaler

Bruk av velferdsteknologiske løysingar kan bidra til auka tryggleik og betre tenester for brukarar og pårørande. Velferdsteknologi kan gje meir effektiv bruk av ressursar i helse- og omsorgstenestene (<https://helsedirektoratet.no/velferdsteknologi>). Helsedirektoratet anbefaler at kommunane prioritærer følgjande løysingar: GPS, elektronisk medisineringsstøtte, elektroniske dørlåsar og tryggleiksalarmer, digitalt tilsyn, pasientvarslingssystem, logistikkloysingar og responstenester.

Fjaler kommune er med i eit interkommunalt prosjekt i høve implementering av velferdsteknologiske løysingar for GPS, digitalt tilsyn (bl.a kamera) og medisinseringsdispenser (td Pilly). Prosjektet blir leia av Utviklingssenteret i Førde. Det er ein prosess i gang på kva Fjaler skal prioritere å implementere.

Kommunen har sett ned eit tverrfagleg team som har hovudansvar for å implementere velferdsteknologi i Fjaler. Teamet har følgjande ansvar:

- vegvisar i kommunen i høve velferdsteknologi. Gruppa nyttar verktøyet Samveis for tenesteinnovasjon ([www.samveis.no](http://www.samveis.no)). Teamet har utført velferdsteknologiundersøking hjå tenestemottakarar og tilsette i helse- og omsorgstenesta i Fjaler (sjå nedanfor).
- kompetanseheving for teamet: samlingar, besøke andre kommunar som er føregangseksempel
- koordinere velferdsteknologi-prosjektet frå Fjaler si side
- Innrei 2 nye velferdsteknologi-rom på Fjaler sjukeheim som kan nyttast som uttestingsrom
- kompetanseheving i helse- og omsorgstenesta i Fjaler i høve velferdsteknologi (e-kurs)
- kompetanseheving og ansvarleggjering av mottakskontoret
- handplukke personell for ABC-kurs

For å lukkast er det viktig at det blir avsett tidsressursar for teamet å jobbe med implementering av velferdsteknologiske løysingar, og at ein får til informasjonsflyt og kompetanseoverføring til heile tenesta.

## Velferdsteknologiundersøking

På hausten 2016 vart det utført ei undersøking om velferdsteknologi hos brukarar og tilsette av omsorgstenester i Fjaler kommune. Undersøkinga vart distribuert til brukarar ved at tilsette fekk dei med seg når dei ytte tenester. Derfor har vi ikkje ta på kor mange brukarar som vart spurde om deltaking. Trettitre brukarar svarde og 26 tilsette.

### Oppsummering brukarundersøking

Det var 33 personar som svarde på brukarundersøkinga om velferdsteknologi.

Gjennomsnittsalderen var 78 år og det var litt fleire kvinner enn menn som svarde på undersøkinga. Ca. 1/3 fekk hjelp av pårørande til å fylle ut skjemaet medan nokre få gjorde det aleine og nokre fekk hjelp av både pårørande og personale. Heile 76% av dei som svarde oppgav at dei bur i Dale og flesteparten bur aleine (85%). Tretti prosent av desse har oppgitt at dei bur i omsorgsbustad og 30 % har oppgitt at dei bur i eigen bustad. Om lag halvparten av dei som har svart har pårørande i radius innan 1 time. Dei fleste bur eller ynskjer å bu i eigen bustad så lenge som mogleg. På spørsmål om kva dei tenker at utfordringane deira for å klare å bu heime lenge er/kjem til å vere er det mange og delte svar, men det som toppar lista er rørslehemming, innkjøp/handling, husvask, husstell og økonomi (sjå Ordsky 1 under).

I undersøkinga viser det seg at dei som svarar har tenester knytt til først og fremst hjelp til dosett/medisin, frå x1/veke til x2/dag (33%), 27% til dusj og 33% at dei får tilsyn. Trettiseks prosent oppgir at dei har tilbod om dagsenter/aktivitetssenter frå x1/dag til to dagar/veke.

Mange (70%) har også praktisk bistand; det er få velferdsteknologiske ordningar som kan hjelpe til med dette, men det er like viktige behov å påpeike for at folk skal bu heime lengre. Femtiatte prosent oppgir at dei får privat hjelp. Handlig og brøyting er nokre av tinga dei får privat hjelp til.

I undersøkinga blir respondentane spurta om å oppgje vanlege, kvardagslege sysler. Lage mat, ete, trening/aktivitet, TV/radio/avis, hobby og husarbeid kjem høgt oppe som svar. Syttifem prosent er veldig eller passe nøgd med tilværelsen, medan ni prosent føler seg einsame.

Av teknologiske hjelphemiddel har om lag halvparten tryggleiksalarm og dei absolutt fleste svarar at dei veit korleis dei skal bruke alarmen. Sekstifire prosent har mobiltelefon men det er ikkje alle som kan sende og motta meldingar. Tjueein prosen har PC eller nettbrett. Åttiatte prosent har fjernkontroll til TV og radio. Sekstiein prosent seier at dei ikkje har problem med å hugse pinkodar. Vidare nyttar mange av dei som svarde på undersøkinga ulike tekniske hjelphemiddel for si eiga sikkerheit, td kaffitratvaktar, komfyrvaktar, ekstra ringeklokke etc.

Konklusjonen til undersøkinga er at det varierer i kor stor grad personane har behov/ynskje om teknologiske hjelphemiddel og kor godt eigna dette vil vere for den enkelte. Det eksisterer absolutt eit potensiale for å betre kvardagen til personane med tiltak. Tryggleiksalarmen er den mest utbredte teknologiske vrkemiddelet som er teke i bruk. Ca 20% kunne tenke seg eit utprøvingsopphold på rehabiliteringshybel for å prøve ut velferdsteknologi.

## Oppsummering tilsette omsorgstenesta

Det var 26 personar som svarde på tilsette-undersøkinga. Det varierte kva prosentstilling desse hadde frå 70-100%. Det varierer også kor mykje tid dei ulike tilsette brukar på ulike typer oppgåver; det er tydeleg at dei har ulike funksjonar i tenesta. Gjennomsnittstal er 2,2 t/v til stell, 2 t til dusj, 2,1 t til medisinutlevering/medisinhåndtering, 1,5 t til sårstell og 28 t til tilsyn. Eksempel på andre oppgåver det blir brukt tid på er stomistell, hårvask, administrative oppgåver, handling, miljøarbeid, blodprøver. Fleire svarar at det ikkje er råd å anslå tidsbruk, eit sårstell kan t.d. variere frå fem minutt til 1,5 t. Det blir nevnt at ein vanlegvis har 8-10 tenestemottakarar/dag når ein er ute i heimesjukepleien. Mange nemner ulike arbeidsoppgåver, nokre anslår tidsbruk. Ein del skriv kun på dei oppsette døma.

Eit gjennomsnitt for kor mykje praktisk hjelp dei tilsette i kommunen yter i tenesta per veke er 2,8 timer. Det finst potensiale for andre løysingar på dette enn at dei i heimesjukepleien skal yte slik teneste.

Hovudutfordringar for at folk ikkje lengre skal klare å bu heime er, i følge dei tilsette, upraktiske bustader, demens, einsemld og utryggheit eller angst (ordsky 7).

Alle tilsette som svarde på skjemaet er interesesserte i å lære meir om velferdsteknologi, noko som er svært motiverande og positivt. Dei vil lære meir gjennom kurs og intern el ekstern undervisning.

---

Nedanfor vil de finne informasjonsskrivet til undersøkinga (kun til brukarar her) og grafer og figurer som syner resultata etter brukarundersøkinga og for dei tilsette.

### **Informasjon om spørjeundersøking (brukarar)**

Det vert ei kraftig auke i talet eldre og hjelpetrengande fram mot 2030. Talet yrkesaktive vil gå ned i same periode. Velferdsteknologi kan vere eit av tiltaka for å møte utfordringar i framtida. Velferdsteknologi er ein fellesbetegnelse på tekniske installasjonar og løysingar som kan støtte brukaren, i samspel med kommune og/eller pårørande.

Vi er ei prosjektgruppe på tvers av dei ulike etatane i BIO, fysio- og ergoterapistenesta, samt folkehelsekoordinator. Gruppa jobbar med velferdsteknologi tilpassa noverande og framtidige brukarar i kommunen. Dette spørjeskjemaet er eit kartleggingsverktøy for å avdekke behov og ressursar for å danne eit heilheitleg bilet av brukaren sitt funksjonsnivå og danne grunnlag for og vurdere val av velferdsteknologi og –tenester.


Vi ynskjer at pårørande(nokon i din nærmeste krets) deltek saman med deg ved utfyllinga av spørjeskjemaet, men om dette ikkje let seg gjer så set vi pris på at du tek deg tid til å svare på eiga hand.

Når du er ferdig med å fylle ut spørjeskjemaet kan du sende det med heimesjukepleien neste gong dei er hjå deg.

På førehand takk for at du tok deg tid til å hjelpe oss

## Oppsummering av resultata etter brukarane sine meininger


Kjønn:



Totalt = 33


→Mest kvinner som har svart

Alder:




→Gjennomsnitt alder: 78 år

Kven har du fått hjelp til å fylle ut skjemaet (viss du har fått hjelp)




→ 66% fått hjelp; mest frå pårørande

### Kvar bur du?



→ 76% frå Dale

### Busituasjon



→ Eit stort fleirtal (85%) bur åleine. Tretti % av desse bur i omsorgsbustad og 30% bur heime


### Har du familie i nærleiken?



→ 36% av dei som har svart har pårørande som nabø eller i same grend; 60% har pårørande i Sogn og fjordane; 48% har pårørande i same kommune


### Ynskjer du å bu i heimen din så lenge som mogleg?

### M o t i v a s j o n f o r å b u h e i m e l e n g s t m o g l e g



→62% av dei som har svara skriv at dei ynskjer å bu heime


### Kva utfordringar ser du for deg at du har/vil ha for å bu lengst mogleg heime?




### Ufordinngar vist med ordsky (Ordsky 1)



### Kva tenester har du?




## Nyttar du dagsenter?



→ 36% har dagsenter. Satse meir på dette! Førebyggande, sosialt


→ Fleir enn dei som har svart treng helsehjelp. Store mørketal. Ikkje alle har pårørande som kan hjelpe med praktiske oppgåver og sosialt. Mange kan ikkje administrere BPA og har derfor ikkje det.

## Får du praktisk bistand i heimen?



→ Kommentar: Det er ikkje så mykje av dette som kan løysast med tekniske hjelpemiddel

## Får du privat hjelp?



→ 64% får privat hjelp

→ Dømer som blir nevnt: Handling, brøyting, stræing, planlegging middag, rettleiing i heimen, fysisk aktivitet, tilsyn, vanskeleg å bruke komfy, dør-til-dør-transport,

## Kva yrke har du/har du hatt? (Ordsky 2)






## Aktivitetar som er viktige for deg å gjere (Ordsky 5)




Er du nøgd med innhaldet i kvardagen din?

E r d u n ø g d m e d k v a r d a g e n d i n ?




➔ Kommentar: Høgt tal på dei som er nøgde med sin kvardag ☺

**Har du tryggleiksalarm?**




Total = 33

**Kan du bruke tryggleiksalarmen?**




Total = 27

**Har du mobiltelefon og kan du bruke den til å ringe/sende sms med?**




Total = 31

**Kva brukar du mobil til om du har?**




**Har du PC/nettbrett?**




Total = 31

**Kva brukar du PC/nettbrett til?**




**Har du fjernkontroll til TV og radio?**



Total = 31


**Brukar du fjernkontroll?**



**Har du andre tekniske løysingar som du brukar? (Ordsky 6)**




Hugsar du pin-kodar, passord, etc?



→Kommentar: Hugsar personnummer, hugsar telefonnummer, hugsar pinkode til mobil, delvis, hugsar bankkode, ikke aktuelt, må skrive det ned

**Er du interessert i å prøve ut teknologiske hjelpemiddel som er kopla opp til eit varslingsystem?**



Total = 33

**Er du interessert i å få tilbod om eit utprøvingsopphold på rehabiliteringshybel for å prøve ut ulike løysingar med mål om å bu lenger i eigen bustad?**

Ja: 21%

**Resultat etter tilsetteundersøkinga:**

<b>Stillingsstorleik</b>	70 % :	<b>1</b>
	75 %	<b>2</b>
	80 %	<b>6</b>
	100 %	<b>8</b>
	Ikkje oppgitt	<b>9</b>

<b>Stell</b>	0,5t	<b>5</b>
	1 t	<b>1</b>
	2 t	<b>1</b>
	3 t	<b>2</b>
	3-4t	<b>1</b>
	4 t	<b>1</b>
	5 t	<b>2</b>
	Gjennomsnitt:	<b>2,2 t</b>
<b>Dusj</b>	20min	<b>2</b>
	40min	<b>3</b>
	1 t	<b>1</b>
	2 t	<b>4</b>
	3 t	<b>3</b>
	3,5 t	<b>2</b>
	4-5 t	<b>1</b>
	Gjennomsnitt:	<b>2 t</b>
<b>Dosettutlevering/gje medisin frå dosett</b>	10min	<b>1</b>
	0,5 t:	<b>3</b>
	1 t:	<b>3</b>
	1-2 t:	<b>1</b>
	2 t:	<b>3</b>
	3 t:	<b>2</b>
	4 t:	<b>2</b>
	5 t:	<b>1</b>
	9 t:	<b>1</b>
	Gjennomsnitt:	<b>2,1 t</b>
<b>Sårskift</b>	<0,5t	<b>1</b>
	0,5 t	<b>1</b>
	0.75t	<b>1</b>
	1 t	<b>4</b>
<b>Tilsyn</b>	1,5 t	<b>2</b>
	10min	<b>4</b>
	2 t	<b>2</b>
	Gjennomsnitt:	<b>1,5 t</b>

		3 t	<b>3</b>		
		5 t	<b>4</b>		
		8 t	<b>1</b>		
Gjennomsnitt	<b>2,8 t</b>				
<b>Andre oppgåver</b>					
<b>Nemn oppgåver, og anslå tidsbruk.</b>					
Stomistell/kateterstell		0,5t	<b>1</b>		
		0,75t	<b>1</b>		
Hårvask		0,5t:	<b>1</b>		
Dosetttillaging/kontroll		2 t	<b>2</b>		
		3 t	<b>1</b>		
		4 t	<b>1</b>		
administrative opg		5 t	<b>1</b>		
Handling		1,5t	<b>1</b>		
		2,0t	<b>1</b>		
Miljøarbeid		3 t	<b>1</b>		
data/rapport		3 t	<b>1</b>		
Blodprøver og injeksjonar		1 t	<b>1</b>		
Samtale på kontor/heimebesøk		6 t	<b>1</b>		
		3 t	<b>1</b>		
		Ikkje angitt tid	<b>1</b>		
Personleg bistand		<b>7 t</b>	<b>1</b>		
henge opp klede		<b>1</b>			
Oppvask		<b>1</b>			
levere utstyr		<b>1</b>			
lese av straum		<b>1</b>			
kople opp/ned alarm		<b>1</b>			
fylgje lege/tannlege/anna		<b>2</b>			
vask av hjelphemiddel		<b>1</b>			
Fylgje til/frå sjukeheimen		<b>1</b>			
Sjekke brannalarmar		<b>1</b>			
WC/skifte bleie		<b>1</b>			
Transport mellom tenestemottakarar		<b>1</b>			
Ringetilsyn		<b>2</b>			
Heimebesøk alarm		<b>1</b>			
Middagslevering		<b>1</b>			
<b>Kommentar:</b>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fleire svarar at det ikkje er råd å anslå tidsbruk, eit sårstell kan t.d. variere frå fem minutt til 1,5 t.</li> <li>• Ein nemner at ein vanlegvis har 8-10 tenestemottakarar/dag når ein er ute i heimesjukepleien.</li> <li>• Mange nemner ulike arbeidsoppgåver, nokre anslår tidsbruk. Ein del skriv kun på dei oppsette døma.</li> <li>• I eit av arbeidslaga er dei tilsette ute i heimesjukepleien ulikt tal gonger/veke. Det vil av den grunn påverke gjennomsnittstala.</li> </ul>					

<b>Kor mange timar praktisk hjelp yter du vanlegvis pr veke i heimesjukepleien?</b>	0 t:	<b>2</b>
	0,5 t:	<b>1</b>
	1,5 t:	<b>1</b>
	2 t:	<b>4</b>
	2,5 t	<b>1</b>
	3 t:	<b>2</b>
	3,5t:	<b>1</b>
	4 t:	<b>6</b>
	5 t:	<b>2</b>
	Ikkje svart	<b>5</b>
<b>Gjennomsnitt</b>		<b>2,8 t</b>

<b>Er du sjølv motivert for å lære meir om, og ta i bruk ulike tekniske løysingar som kan hjelpe folk til å bu lenger i eigen heim?</b>	<b>Ja:</b> <b>26(100%)</b> 
<b>Kommentarar frå tilsette:</b>	
Obs at ikkje hjelphemiddel skal erstatte menneskekontakt for tenestemottakar	<b>2</b>
Tidleg inn med ergoterapi	<b>1</b>
Samarbeid med pårørande og fastlege	<b>1</b>

<b>Korleis vil du lære meir om velferdsteknologi?</b>	
Kurs	<b>10 (38,5%)</b>
Undervising intern	<b>9 (56%)</b>
Undervising ekstern	<b>6 (37,5%)</b>
Undervising	<b>1</b>
Kurs internt	<b>1</b>
Utdanning (velferdsteknologiens ABC)	<b>2</b>
Demonstrasjon av kva som finns	<b>1</b>
Mottakeleg for det meste	<b>1</b>
Utdanning	<b>1</b>
<b>Åtte personar har ved eit feiltak ikkje fått denne delen av skjemaet. Alle svarar at dei er interesserte i å lære meir om velferdsteknologi, men ikkje alle (som har fått høve til det) seier noko om korleis.</b>	

**Kva utfordringar ser du som vil vere gjeldande for at personar ikkje lengre skal klare å bu heime?**

Upraktiske bustader: overmøblert, dørtersklar, ,smale døropningar, trapper (bustad over fleire plan), tilkomst, høge diskar/skap, trange bad/rom	<b>17 (65%)</b>
Demens (varmevakt, dørsensor, nattevandring, fallalarm, gløymer ein del)	<b>8 (31%)</b>
Dårleg buforhold	<b>3</b>
For lite hjelp og tilsyn	<b>3</b>
Utrygge brukarar/angst	<b>4 (16,6%)</b>
Einsemd/isolasjon	<b>6 (25%)</b>
Redusert mobilitet	<b>1</b>
Redusert orienteringsevne	<b>1</b>
Inaktivitet	<b>1</b>
Mangel på hjelphemiddel	<b>3</b>
Tidspress	<b>3</b>
For lite hjelp laurd/sund og kveld	<b>3</b>
Lange avstandar	<b>2</b>
Forvirringstilstand	<b>1</b>
Lite/manglande sosialt nettverk	<b>3</b>
Avstand til tenester (butikk, lege, tannlege, kafe)	<b>2</b>
Feilernærings	<b>3</b>
Støttestrømper, Insulin, Klexane, medisin, stell (for dei som ikkje har teneste på kveld/helg	<b>1</b>

Kva utfordringar ser du som vil vere gjeldande for at personar ikkje lengre skal klare å bu heime?

(Ordsky 7)

